

Vort folk rundt ikring

Tone: Nordlands trompet

1) Vort folk rundt ikring baate lekmann aa lærd
 Skull' fremja til fuldna dei ting so eig værd
 So lande aa folkje kan bata
 Ein leikar aa liflar med rusdrykk aa krig
 So svart aa so fælt, at i uvit ein sig
 Nei slikt maat' ein hjarteleg hata

2) Eg bebrar aa skjelv naar eg kjeme ihog
 dei tusund paa tusin paa til krigane drog
 Aa endaa framleis maa draga
 I hus aa i hytter dei ynskjer 'kje da
 Dei høge paa spidsane skuldi faar ha
 Dei so under krunorne raga

3)
 Eg bebrar aa skjelv naar den fæla meg sviv
 dei tusin paa tusin av rusdrykkjen lid
 Aa tallause heimar forderva
 No prest aa levit kan du ganga forbi
 Du kjenner vel ikkje kor borni dei lid
 Korleis er det med dine nerva

4) Eg bebrar aa skjelv naar eg kjeme ihog
 At dykk kunne sitja aa sjaa i ei bok
 Aa satan han fær som ei løva
 Kring gardar aa grend, kring bygdar aa by
 han aukar sit velde, han aukar sin lyd
 Aa du korleis rusdrykkje røva

5) Ein skipa aa vøle aa lest hava sut
 Men aller aa ta seg fraa husdøri ut
 Ein kunne no ymisje venta
 Men sjaa me paa logar aa andi i dei (lovar)
 So sjaa me at kosen aa leidi er grei
 Her aukast med skattar aa renta

6) Ris upp aa klæd paa deg, kast dugløysa av
 Aa so gjev du gaum paa nei næraste krav
 Eg tenkjer du vantar 'kje yrkje
 Du pløyar, du brytar du gjødsla aa saar
 Vor Herre gjev gror, aa forundra du staar
 Du ser paa hans kjærleik aa styrkje

7) Den norske arbeidar kunn' hatt det saa bra
 Naar ikkje slikt stygdom i vegarne va
 han hev ikkje raad til aa hutla
 Men storfolk so hava baa tider aa raa
 Og so vilja hava den bunaden paa

Kan sitja med gamlen aa sutla

8) Ja tusin paa tusin av heimar me hev
Aa tusin paa tusin av armar so grev
I steinar, i moll aa i urar
Ja tusin av heimar med nøy atti nøy
Kor berre dei eta aa drikka aa søv
Aa tek seg forvitneleg turar

9) Du leting sjaa ut aa drag lasset med deim (late)
so strævar so hardt kringum gardar aa heim
For det so dei treng til si føda
Sjaa til at du ikkje et andre sit braud
so at andre for di skuld frys aa lid naud
Lat væra da kosta deg møda

10) Kvart einaste menneskje, lite aa stort
som Gud i sin visdom hev skapa aa gjort
kvart dyr aa kvart levande krjupe
Med fuglar i lufti og fiskar i hav
sjaa skaparen var det som dugleiken gav
i høgdi som nede i djupet

11) Aa soleis eg meiner al skapning har rett
Aa kleda seg skaslaus aa eta seg mett
Nei ingen kan detta forbjoda
Men ingjen maa beinleies eller tilskjønns
Uløyves ta ribba ein annan si høns
Ein maa vel la samvite raada

12) Men samvite daa, korleis er det med da
den dømande magti i saali aa ja
eg vil ikkje døma på bakje
sjaa er ein 'kje glad naar ein visleg fær aat
Aa er ein 'kje harm naar ein stedjar i graat
so er ikkje samvite vakje